



Seljord kommune  
Open tilbudskonkurranse

Totalentreprise for  
Graving og asfaltering av delar av Brøløsvegen

Prosjekt:  
Asfaltering Brøløs

Tilbudsinnbyding, tilbudsskjema og  
Kontraktsvilkår



## Innhald

1. Innbyding og orientering
2. Tilleggopplysningar
3. Kvalifikasjonskrav
4. Tildelingskriterier
5. Forhold til plan og bygningslova
6. Kva skal leverast
7. Tilbudsbefaring
8. Innlevering/frist for vedståing
9. Tilbudsopning
10. Tilbudskjema
11. Underentreprenører og samarbeidane firma
12. Regulering av kontraktsummen
13. Atterhald/mindre endringar
14. Kontraktsvilkår
15. Underskrift av tilbydar
16. Vedlegg
  - Beskrivelse av prosjekt
  - Kartskisse



## 1. Innbyding og orientering

Med atterhald om at vedtatte løyver er tilstrekkeleg, skal Seljord kommune ruste opp delar av vegen og fortau i Seljord Sentrum.

Seljord kommune ynskjer i den forbindelse tilbod på grunnarbeid og asfaltering.

Tilbudet skal leverast som eit komplett tilbod slik tilbudsdokument og skisse viser. Tilbudsdokumentet og skissa viser kva for eit området og i kva for eit omfang det skal utførast arbeid.

Forventet oppstart av grunnarbeider er september 2023, etter Dyrskun.

*Valgt entreprenør utfører prosjektet frå prosjektering til ferdig utført klart til overlevering.*

Det skal gå klart fram av tilbudet kven som er totalentreprenørens kontaktperson opp mot byggherren

*Anskaffelsesprosedyre er "åpen anbudskonkurranse" i hht "Forskrift om offentleg anskaffelser 2006 nr. 402" med endringer og med heimel i lov 16 juli1999 nr. 69 om offentleg anskaffelser. For denne anskaffelsen gjelder forskriftas del I og II (under EØS-terskelverdi). Tilbudskonkurransen er kunngjort i Doffin-basen (Mercell)*

Kontaktperson rundt tilbudsspurnaden:

Ole Jonny Flatland tlf:977 48 619

E-post: [ole.jonny.flatland@seljord.kommune.no](mailto:ole.jonny.flatland@seljord.kommune.no)

## 2. Tilleggsopplysningar

Spørsmål til konkurransegrunlaget rettast til oppgitt kontaktperson. Alle slike spørsmål skal skje pr. e-post, og svara blir sendt ut til alle som har meldt interesse. Dersom slike spørsmål mottas seinare enn 5 dagar før tilbudsfristens utløp, vil desse ikkje bli besvart.

Svara vil bli formidla til alle tilbyderar som har meldt seg innan påmeldingsfristen for å gje tilbod.



### 3. Kvalifikasjonskrav

Nedanfor er det ført opp dei kvalifikasjonskrav som gjelder for dette prosjektet, og kva for dokumentasjon som skal leggest fram for å vurdere om krava er oppfylt.

#### 3.1 Totalentreprenøren sin kapasitet

Tilbydar skal ha tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre tiltaket innafor tidsramme som er satt.

#### 3.2 Totalentreprenøren sin erfaring og kompetanse

Det vert kravd at tilbyder har erfaring frå minimum 3 tilsvarende oppdrag.

*Dokumentasjon*

- Referanseliste.

#### 3.4 Firmaattest. Skatte og mva attest

Tilbydar skal vera registrert i foretakregisteret  
Stadfesting på betalt skattar og meirverdiavgift til offentlege myndigheter ikkje eldre enn 6mnd må føreligge.

*Dokumentasjon*

- Firmaattest
- Attest om restanse på skatt/mva-avgift mv, ikkje eldre enn 6mnd, skjema RF1244.

#### 3.5 Kvalitetssikring og Internkontrollsystem (HMS)

Tilbydar skal ha eit system for kvalitetssikring og internkontroll. Dei skal og ha etablert ein kvalitetsplan for arbeidet som skal framleggast for byggherre for godkjenning før arbeidet kan starte. Denne skal blant anna innehalde;

- Organisasjonsplan for prosjektet
- Kontrollplan som beskriv dei tiltak som er naudsynte for å kunne dokumentere at arbeider er utført ihht kontrakt
- Plan for registrering, rapportering og behandling av avvik.
- HMS egenerklæring



Entreprenør er ansvarleg for alle arbeidere og tiltak som er naudsynte for å tilfredsstille krava i Forskrift om internkontroll av 6des 1996, samt forskrift om sikkerheit, helse- og arbeidsmiljø på bygg- og anleggsplassar (byggherreforskriften) av 3aug 2009 med dei siste revisjonane.

Entreprenør er ansvarleg for å oppfylle øvrige krav i lovar og forskrifter vedrørande arbeidsmiljø og vernetiltak.

Alle kostnadar forbunde med dette skal vere inkludert i rigg- og driftskostnadane.

### 3.6 Miljø

Det stillas krav til entreprenørens miljø-/klimaavtrykk, då i form av ei sertifisering gjennomført av ein uavhengig tredjepart.

Det presiserast at manglande innsending av etterspurt dokumentasjon, kan medføre at tilbodet blir avvist.

## 4. Fremdrift

Oppstart er tentavt planlagt Måndag etter Dyrskun og ferdigstillelse er satt til midten av desember.

## 5. Tildelingskriterier

Tildelinga skal skje på basis av kva for tilbod som møter kriteria best. Følgande kriterier vil bli vektlagt

|   | Skala | veking |
|---|-------|--------|
| 1. Pris                                     | 1-10  | 60%    |
| 2. Kvalitet (kompetanse, erfaring og miljø) | 1-10  | 40%    |

For kriteriet *kvalitet* må følgande dokumenterast

1. Erfaring med tilsvarande prosjekt
2. Dokumentere kompetanse for tiltaket
3. At pkt 3.6 Miljø er oppfylt



Evaluering av tilbud  
Tilbode evaluerast av byggherren. Utarbeiding av tilbud honorerast ikkje.

## 6. Forhold til plan og bygningslova

Oppdraget er ikkje søknadspliktig etter plan og bygningslova, men der SKAL til ein kvar tid føreligge ei gyldig kabelpåvisning for arbeidsområdet.

## 7. Kva skal leverast

Følgande dokumenter skal leverast

- Tilbudsbrev
- Komplette konkurransegrunnlag i utfylt stand, inkl komplett tilbudsskjema i utfylt stand.
- Den etterspurte dokumentasjonen for kvalifikasjonskrava, jfr. pkt3
- Den etterspurte dokumentasjonen for tildelingskriteriene, jfr. pkt5

## 8. Tilbudsbefaring

Det vil bli holdt tilbudsbefering på Brøløs  
Dato: 18.08.2023 klokkeslett:12.00

## 9. Innlevering/Frist for vedståing

Tilbudet skal leverast 1 eitt eksemplar i ein anonym og lukka konvolutt merka:

*Tilbudskonkurranse for totalentreprise for Graving og asfaltering av delar av Brøløsvegen*

Tilbudet leverast til:



- Seljord kommune Brøløsvegen 13A 3840 Seljord, leverast i resepsjonen.
- Tilbudet kan eventuelt sendes pr post til same adresse.
- Eller pr e-post: post@seljord.kommune.no

Fristen for innlevering av tilbud er: 25.08 2023 kl 12.00

Fristen gjelder også om tilbudet er sendt som post. Tilbydar har ansvaret for at tilbudet kjem fram i rett tid.

Frist for å vedstå tilbudet er 90 kalenderdagar

## 10. Tilbudsopning

Det vil bli holdt tilbudsopning: 25.08 2023 kl 13.00

Det vil ikkje vere høve til å delta på tilbudsopninga.

## 11. Tilbodskjema

I tilbodsskjema kan delsum for tekniske fag som sanitær og elektro inngå

| Leveranse / Fag                             | Antall | Enhet | Sum eks mva |
|---|--------|-------|-------------|
| Tilbudssum beskrivande arbeid               |        | RS    | Kr          |
| Tilleggsarbeid Lastebil                     | 50     | Timer | Kr          |
| Tilleggsarbeid 8-12t gravemaskin            | 80     | Timer | Kr          |
| Tilleggsarbeid grunnarbeider                | 80     | Timer | Kr          |
| Tilleggsleveranser<br>200000kr+% påslag=??? |        | %     | Kr          |
| Sum eks mva                                 |        |       | Kr          |
| +25% mva                                    |        |       | Kr          |
| Tilbodsum inkl mva                          |        |       | Kr          |



Sum for tilleggsarbeid, tilleggsleveranse og opsjonar vil bli medtatt i evaluering av tilbodet for tildelingskriteriet pris. Tilleggsmaterialer her opp gis materialer verdt 200000kr+påslag (f.eks 10%)=220000kr.

Det medtas det gitte antall timar tilleggsarbeider for dei oppgitte postane

## 12. Underentreprenør og samarbeidande firma

Viss det blir nytta underentreprenørar skal dei førast opp her.

Det vil bli nytta følgande underentreprenørar:

## 13.Regulering av kontrakten

Kontraktsummen skal ikkje regulerast for lønn og prisstigning, men vere fast for heile prosjektet.

## 14.Atterhold/mindre endringar

Tilbodet skal gjevas på dei etterspurte tenestar i tilbodsgrunnlaget. Eventuelle atterhald, mindre endringar skal gis separat, og dei skal vere presise og eintydige, og skal vere beskriven slik at oppdragsgivar kan vurdere avvika utan kontakt med tilbydar. Dei skal anten vere prissatt eller beskriven på ein slik måte at oppdragsgivar kan vurdere dei økonomiske verdiar. Slik at det blir lik handsaming av tilboda.





## 15. Kontraktsvilkår

### 01. Generelle vilkår

NS 8407 "Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser", (okt 2010), gjelder som alminnelige kontraktsvilkår, med eventuelle etterfølgende endringer/suppleringar. Det opprettas ein kontrakt mellom oppdragsgivar og tilbydar iht. Byggeblankett 8407 A Formular for kontrakt om totalentreprise. Tilbydar må sjølv ordne kontraktstilhøva internt dersom det er fleire firma i gruppa.

### 02. Spesielle vilkår

Følgjande spesielle kontraktsvilkår vil gjelde ved inngåing av kontrakt:

- Av faktura skal vise kontraktsum, utført arbeid hittil samt frådrag for tidlegare faktura.
- Byggherren har eigedomsretten til all prosjektdokumentasjon som elektronisk lagra dokumentasjon, til bruk ved forvaltning, drift og vedlikehald, seinare ombyggingar og påbyggingar samt til anna bruk som naturleg knyter seg til prosjektet.
- Tilbodets honorarsatsar ved endringsarbeid er faste.
- Alle utgifter til kontor, sekretær- og teiknetenester, DAK, plotting, kopiering til eige bruk, forsending, cd-ar og minnepenn for distribusjon av prosjektinformasjon og teikningar, telefon, telefaks, -kommunikasjon, lokale og ordinære reiser (som reiser til prosjekteringsmøter, møter med byggherren og hans organisasjon, byggemøter og reiser til andre prosjekterande i samband med utføring av oppdraget) skal vere inkludert i tilbodet.
- Det vurderas ikkje som avbrudd og gir ikkje erstatning dersom det blir avgjort å:
  - Ikkje sette igang oppdraget. Alle førebuingar til igangsetting som dei prosjekterande gjer før skriftleg stadfesting frå byggherren er gitt, skjer på totalentreprenøren si rekning.
  - Stille prosjekteringa på vent inntill nødvendige politiske vedtak er gjennomført.
- "Etiske retningslinjer for bygg- og anleggskontrakter og kontrakter innafor kjøp av varer og tenester" gjerast gjeldane for dette prosjekt.



## 16.Underskrift av tilbyder

Firma/gruppe:

Kontaktperson:

Adresse:

Telefon:

E-post:

Stad:

Dato:

Signatur/stempel:

## 17.Vedlegg

- Beskrivelse
- Kartskisse
- Etiske retningslinjer for kontrakter